




Fellesforbundet



EL&IT
FORBUNDET

Norsk
Arbeidsmandsforbund



Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Arbeids- og inkluderingsdepartementet	
Saksnr.: 200604500	Fødselsnr.: 7
Arkivkode: 840.12	Dato: 11.9.06
Avd.: AMS	
Utt.: 	

7. september 2006

Høring - Rapport frå arbeidsgruppe som har utreda betre id-kort-ordning for bygge- og anleggsbransjen

Vi viser til tilsendt rapport datert 3. juli i år frå arbeidsgruppe som har utreda ID-kort ordning for bygg- og anleggsbransjen. El & IT forbundet, Fellesforbundet og Norsk Arbeidsmandsforbund, som organiserer mange av dei tilsette i bygge- og anleggsbransjen, avgir hermed ein felles uttale om rapporten.

Generelt meiner vi at forslaga frå arbeidsgruppa er ei klar forbetring av ordninga enn det som ligg i dagens bestemmingar i Byggherreforskriften om ID-kort. Vi kan derfor i all hovudsak slutta oss til dei tilrådingar som kjem frå gruppa. Vi er vidare einige i at bestemmingane om ID-kort bør stå i eiga forskrift.

Vi meiner at den føreslåtte ordninga har eit klart føremål. Den skal bidra til at det skal kunne vera både enkelt og raskt å avdekka ulovleg arbeidskraft på bygge- og anleggsområda. Samstundes vil ei slik ordning verka preventivt i høve til dei som måtte ha interesser i å nytta ulovleg arbeidskraft. Vi meiner at ordninga vil letta dei offentlege tilsyna og koordinator sitt arbeid på bygge- og anleggsplass. Vi er derfor heilt ueinige med Datatilsynets representant i arbeidsgruppa som meiner at ordninga ikkje har eit klart formål.

Vi har drøfta om benemninga ID-kort er den beste i høve til det som er føremålet med kortet. For dette kortet har nemleg eit breiare føremål enn å identifisera at person A eller B verkeleg er den han eller ho er. Det har også som føremål å dokumentera at vedkomande er registrert i AA-registeret eller SFU-registeret og at vedkomande er tilsett i bedrift som er registrert i dei nødvendige offentlege register. Men i mangel på eit betre forslag, og fordi omgrepet ID-kort er godt innarbeidd, har vi ikkje noko betre forslag. Vidare meiner vi at ID-kort ikkje må forvekslast med adgangskort. Føremålet med kortet er som nemnt å kunne dokumentera at ein er lovleg registrert og arbeider i firma som er lovleg registrert.



Fellesforbundet



EL&IT
FORBUNDET

Norsk
Arbeidsmandsforbund



Våre forbund ser klart behovet for at det blir innført ei felles ordning med ID-kort på bygge- og anleggsplassar. Vi er einig i at det bør gjelda for heile bransjen over heile landet og at det dermed blir innført ein felles standard ID-kort, altså eit bransjekort. Vi meiner at alle som arbeider på ein byggeplass må vera utstyrt med ID-kort. Og vi meiner at det er arbeidsgjevar som har ansvaret for at arbeidstakarar har ID-kort. Derfor må det bli vera utleigebedrift, og ikkje innleigebedrift, som er ansvarleg for at innleigde arbeidstakarar har kort.

Vi er einig i at det nye regelverket bør omfatta alle verksemder i bygge- og anleggsbransjen. Derfor er vi einig i at dagens aktivitetsbaserte begrensingar som går på nedre grenser i høve til talet på tilsette og omfanget på arbeidet blir fjerna. Bruk av ulovleg arbeidskraft er etter vårt syn like kriminelt enten bedrifta er liten eller stor. Derfor er vi einig i at forskrifta også skal gjelda for enkeltmanns-føretak.

Vi er einig i at ID-korta skal gjelda på dei fagområde som tradisjonelt er omfatta av definisjonen av bygge- og anleggsbransjen. Men det er slik at tilsette i bemannings- og/eller utleige bedrifter i dag ikkje blir definerte som sysselsette i bygg og anlegg, men kjem inn under tenesteytande næringar. Desse må etter vårt syn også vera omfatta av ordninga. Ordninga må utformast slik at alle som arbeider på ein bygge- og anleggsplass må ha ID-kort. Det betyr at også støttefunksjonar som reinhald, kantine og liknande må vera omfatta av kravet om ID-kort.

Når det gjeld kva ID-kortet skal innehalda er vi einig i det gruppa føreslår. Vi er også einig i at fødselsdato må vera med på kortet. Det vil i mange høve kunne gjera det enklare å identifisera vedkomande. Vidare er vi einig i at det er utleigebedrifta som skal vera angitt på kortet. Det er der vedkomande er tilsett. Dersom også innleigebedrift skal stå på kortet, vil det i mange høve vera behov for å skifta ut kort raskt, eller at arbeidstakarar blir utrusta med fleire kort i og med at dei kan arbeida hos fleire innleigebedrifter. Vi ser derfor at det kan verta problematisk at også innleigebedrift skal stå på kortet.

Vi forstår at det kan vera vanskeleg, også av personvernomsyn, å leggja inn for mange opplysningar i kortet. Men vi ber om at det, også ut frå omsyn til tryggleiken, blir vurdert nærare om fagstatus kan takast med. Det vil vera aktuelt i bransjar, f eks elektrobransjen, der det krevst bestemt utdanning for å utføra arbeidet, og der det ikkje er tillete for ein arbeidstakar utan fagbrev å arbeida sjølvstendig på elektriske anlegg utan direkte tilsyn av ein fagarbeidar med eit slikt godkjent fagbrev.

Når det gjeld spørsmålet om det bør vera firmalogo på kortet, har vi ikkje noko i mot at det kan stå i dei tilfelle bedrifta har ønske om det. Uansett er dette underordna. Det viktigaste er at kortet er standardisert og at det framgår klart at det er eit bransjekort.

Og når det gjeld gyldighetsperiode, meiner vi at det må vera for den tida ein er tilsett hos arbeidsgivar, men at kortet utansett må fornyast etter to år.



Fellesforbundet



EL&IT
FORBUNDET

Norsk
Arbeidsmandsforbund



Når det gjeld sanksjonstiltaka overfor bedrifter som ikkje overheld bestemmingane om ID-kort er vi einige i det som er føreslått. Men når det gjeld spørsmålet om kva som bør skje dersom ein arbeidstakar ikkje er utstyrt med ID-kort når han har starta i arbeid, meiner vi ordninga må bli strammare. I slike tilfeller må arbeidsgjevar utsteda arbeidstakar med eit dokument der det framgår kven arbeidstakaren er, kor og når han er tilsett, når han er fødd og namn og organisasjonsnummer på bedrifta. Dersom det ikkje blir stilt krav om eit slikt midlertidig dokument er vi redde for at ordninga kan omgåast. Vi har også vurdert om det bør setjast ein frist for når ein uansett må vera utstyrt med ID-kort. Vi meiner 14 dagar kan vera ein rimeleg frist.


Vi ser fram til at vi kan få ei ID-kort ordning i eiga forskrift som kan gjelda frå 1. januar neste år.


Med venleg helsing
El & IT forbundet

Fellesforbundet

Norsk Arbeidsmandsforbund


Hans Felix


Kjell Bjørndalen


Erna Dyngre